

Strategiplan for Høgskulen i Volda 2017-2020

Vedteken av styret 26. januar 2017. Revidert av styret 08. mars 2018.

1. Visjon: Kunnskap for framtida

Visjonen til Høgskulen i Volda (HVO) er kunnskap for framtida. Dette betyr at høgskulen skal bidra til kritisk og reflekterande læreprosessar som fremmar klokskap bygd på:

- Livslang læring
- Relevant forskning, omgrep og teoriar
- Kommunikative ferdigheiter med bruk av aktuelle medium
- Samskaping, kreativitet og likeverd

Høgskulen skal fornye og vidareutvikle sin posisjon som akademisk kunnskapsverksemd. Satsing på lærarutdanning, mediefag, sosialt arbeid og kreativ metodikk har gitt høgskulen sterke fagmiljø knytte til læring, danning og kunnskapsutvikling. HVO skal utvikle studium og fagmiljø for å møte framtidens kunnskaps- og kompetansebehov, regionalt og nasjonalt.

1.1. Identitet og verdiar

Høgskulen i Volda ber vidare den historiske folkeopplysingstradisjonen etter Ivar Aasen, Sivert Aarflot, Hans Strøm og andre pionerar frå regionen. Høgskulen skal vere inkluderande og relevant, og vere ei kunnskapsbasert og kritisk røyst i samfunns- og utdanningsdebatten. Høgskulen skal ha høg kvalitet i undervisning, forskning, formidling og forvaltning. Nynorsk språk og kultur er ein viktig del av identiteten vår.

1.2. Profil

Høgskulen i Volda har ein sterk fagtradisjon innan humaniora og samfunnsvitenskap og tilbyr profesjonsutdanningar og fagstudium som både er regionalt forankra og internasjonalt orienterte. HVO er ein liten høgskule med ein kompakt campus og legg vekt på verdien av nærleik mellom studentar, fagmiljø og leiing. Denne styrken nyttar vi til å utvikle gode tverrfaglege tilbod som møter samfunnsbehov. Kvalitet vert sikra gjennom samspel mellom teori og praksis og dialog med studentar og arbeidsliv.

1.3. Høgskulen i Volda si rolle i det nye UH-landskapet

Høgskulen i Volda samarbeider med andre universitet og høgskular i inn- og utland for å styrkje høgskulen si utdannings- og forskingsverksemd. I planperioden skal HVO utvikle eit særleg nært samarbeid med Universitetet i Bergen i tråd med det samarbeidsavtalen legg opp til, og halde fram med samarbeidet i UH-nett Vest. Høgskulen skal arbeide for å avklare om det er grunnlag for å fusjonere med andre institusjonar.

Høgskulen skal halde fram med å gi god utdanning for velferdsstatens yrke og tilby fagstudium av høg kvalitet. Høgskulen skal særleg stette behova for høgare utdanning i eigen region, men skal samstundes utvikle seg som ein nasjonal og internasjonal aktør.

1.4. Hovudsatsingar i planperioden

HVO skal

- 1.4.1. tilby solide masterutdanningar for grunnskulelærarar og vere hovudleverandør av lærarar til regionen
- 1.4.2. vere den leiande yrkesretta medieutdanninga i Norge
- 1.4.3. i samarbeid med mellom andre Universitetet i Bergen, Nynorsk kultursentrum og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – ta eit særleg ansvar for forskning på nynorsk språk og litteratur og sikre nynorsk som fagspråk
- 1.4.4. vere i front når det gjeld å utvikle fleksible utdanningstilbod av høg kvalitet
- 1.4.5. vidareutvikle studietilbodet på PhD-nivå i sosialfag saman med Høgskolen i Molde og satse på tverrfagleg helsefremjande kompetanse

1.5. Delmål utdanning

HVO skal

- 1.5.1. styrke den faglege leiinga av utdanningsprogramma
- 1.5.2. styrke den pedagogiske kompetansen til fagtilsette
- 1.5.3. vere blant dei beste på gjennomstrøyming
- 1.5.4. ha minst 1,5 søkjar per studieplass
- 1.5.5. vere blant dei fremste på e-læring
- 1.5.6. vere blant dei beste på studentutveksling
- 1.5.7. utvikle erfaringsbaserte masterutdanningar
- 1.5.8. sikre arbeidslivsrelevans i alle utdanningar

1.6. Delmål forskning og utvikling

HVO skal

- 1.6.1. prioritere FoU-ressursar til tre strategisk viktige område: dei nye grunnskulelærerutdanningane, den nye masterutdanninga i mediefag og PhD- utdanninga
- 1.6.2. stimulere til nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid
- 1.6.3. gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid ved å involvere dei i aktuelle prosjekt
- 1.6.4. auke bidrags- og oppdragsinntektene
- 1.6.5. auke talet søknadar til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder
- 1.6.6. auke tal publiseringspoeng med 15%
- 1.6.7. ha minst to forskingsprosjekt i samarbeid med UiB

1.7. Delmål samfunnsoppdrag og kunnskapsdeling

HVO skal

- 1.7.1. tilby livslang læring og fleksibilitet i utdanningane
- 1.7.2. stimulere til kunnskapsdeling og dialog knytt til høgskulen si utdannings-, formidlings- og forskingsverksemd
- 1.7.3. samarbeide aktivt med arbeidslivet både regionalt og nasjonalt
- 1.7.4. gjere utdanning tilgjengeleg for dei som ikkje har høve til å studere på heiltid
- 1.7.5. utvikle målretta tiltak med sikte på å auke BOA-inntektene med 50%
- 1.7.6. samarbeide med regionale aktørar om å etablere ein kunnskapspark i Volda

1.8. Delmål organisasjon og menneskelege ressursar

HVO skal

- 1.8.1. ha ein personalpolitikk prega av inkludering, tillit, mangfald, samarbeid og likestilling
- 1.8.2. satse aktivt på rekruttering og kompetanseheving av medarbeidarane
- 1.8.3. vidareutvikle ein infrastruktur som gir god måloppnåing
- 1.8.4. arbeide for at 60% av fagstaben har førstekompetanse
- 1.8.5. doble talet kvinner i faglege toppstillingar
- 1.8.6. vere blant dei mest kostnadseffektive i sektoren
- 1.8.7. i samarbeid med Studentsamskipnaden i Volda utforske og utvikle vidare fortrinna det gir å ha ein kompakt campus med godt og tett studentmiljø, korte avstandar mellom studentar, tilsette og leiging

2. Handlingsplan for Høgskulen i Volda 2017 – 2020

2.1. HVO skal prioritere følgjande tiltak innfor hovudsatsingane i strategiplanen:

- 2.1.1. fullføre arbeidet med nytt mediebygg
- 2.1.2. samle medieutdanningane til eitt fagmiljø
- 2.1.3. sikre nødvendig kompetanse og rekruttering til dei nye grunnskulelærerutdanningane
- 2.1.4. gjere digital kompetanse og formidling relevant for alle fagområde
- 2.1.5. samarbeide med UiB om språksamlingane
- 2.1.6. arbeide for å få ekstern finansiering til vidareføring av Norsk Ordbok
- 2.1.7. vidareutvikle samarbeidet i nynorskkynga i Volda/Ørsta
- 2.1.8. styrkje teknisk infrastruktur og heve fagleg-pedagogisk kompetanse for vidare satsing på digitalisering og fleksible studietilbod
- 2.1.9. med utgangspunkt i ambisjonane i strategiplanen, greie ut muligheiter og utfordringar med å halde fram som ein mindre, veldig skarpt profilert høgskule eller eit forpliktande samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren. Særleg skal forholdet til Universitetet i Bergen og Høgskolen i Molde greiast ut

2.2. Utdanning:

- 2.2.1. lage betre rutinar for strategisk utvikling av studieporteføljen
- 2.2.2. utvikle ei belønningssordning for god undervisning
- 2.2.3. arbeide aktivt med studentrekruttering
- 2.2.4. gjennomføre handlingsplan for betre gjennomstrøyming på master
- 2.2.5. vere aktiv i samarbeidet med UiB
- 2.2.6. vidareutvikle mastergradane innanfor GLU, nynorsk skriftkultur og Media Practices
- 2.2.7. sikre og vidareutvikle BA-graden i dei praktisk estetiske faga
- 2.2.8. utvikle relevante MA-tilbod for alle BA-studium
- 2.2.9. nytte Erasmus+ programmet til å auke studentutvekslinga

2.3. FoU:

- 2.3.1. organisere meir av forskinga i forskingsgrupper

- 2.3.2. etablere ei forskingsgruppe saman med andre institusjonar innafor nynorskfeltet
- 2.3.3. greie ut om vi skal opprette eiga oppdragseining for FoU-prosjekt
- 2.3.4. auke forskingsinnsatsen gjennom meir målretta prioritering av FoU-ressursane
- 2.3.5. leggje vekt på å formidle forskning i relevante vitenskaplege tidsskrift
- 2.3.6. leggje til rette for at det blir skrivne søknadar om eksterne midlar frå regionale, nasjonale og europeiske finansieringskjelder

2.4. Samfunnsoppdrag og kunnskapsdeling:

- 2.4.1. auke dei eksterne inntektene gjennom fornya satsing på bidrags- og oppdragsaktivitet
- 2.4.2. auke søknads- og prosjektleiingskompetansen
- 2.4.3. vidareutvikle Seanse i samarbeid med Møre og Romsdal fylke, KD og KKD
- 2.4.4. utvikle vidareutdanningar i samarbeid med det regionale arbeidslivet
- 2.4.5. delta aktivt i å utvikle ein kunnskapspark i Volda

2.5. Organisasjon og menneskelege ressursar:

- 2.5.1. evaluere den interne budsjettfordelingsmodellen i lys av ny statleg finansieringsmodell
- 2.5.2. gjennomføre sterkare styring når det gjeld utnyttinga av undervisningsrom
- 2.5.3. evaluere/vurdere avdelingsstrukturen under dette også organisering, styring og leiing
- 2.5.4. greie ut og avgjere ordning for styring og leiing på institusjonsnivå
- 2.5.5. utarbeide og implementere ein kompetansehevingsplan
- 2.5.6. arbeide aktivt med rekruttering av fagpersonale/administrativt personale
- 2.5.7. prioritere ressursar til kompetanseutvikling mot strategisk viktige område (lærarutdanningane, mediefaga, PhD)
- 2.5.8. arbeide systematisk og tverrfagleg med internkontroll i heile verksemda for å sikre effektiv drift
- 2.5.9. arbeide vidare med ein campusutviklingsplan som sikrar god utnytting av høgskulen sitt areal - både med omsyn til tenleg bygningsmasse og gode uteområde
- 2.5.10. sikre tenelege undervisningsrom for studentgrupper av ulik storleik